



Møteprotokoll

Utval	Rådet for personar med funksjonsnedsetting
Møtestad	ATS
Dato	12.05.2026
Tidspunkt	kl 10:00 - 14:00

Frammøtte

Jon Ove Lomheim

Merete Aasen

Mona Åsen

Forfall

Hermann Odd Stein

Kjellrun Susanne Vigdal

Lars Jørgen Kjærvik

Varamedlem

Odd Atle Stegegjerdet

Mette Alme

Andre som møtte: Sekretariatet v/Mona Jacobsen

Underskrifter:

Jon Ove Lomheim
leiar

Mona Åsen

Saksliste

Saknr	Sakstittel
27/26	Konstituering av møte
28/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
29/26	Orienteringar, drøftingar og open post
30/26	Helse- og omsorg mot 2030. Val av alternativ og føringar for nytt bygg
31/26	Kommuneplanen sin arealdel - handsaming i råda
32/26	Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda
33/26	Årsmelding for rådet for personar med funksjonsnedsetting for 2025
34/26	Tilgjengepris for god universell utforming i kommunen 2026
35/26	Rådet for personar med funksjonsnedsetting - Status oppfølgjingssaker, møte 12.5.26

27/26 Konstituering av møte

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 12.05.2026

Handsaming

- Opprop, forfall Kjellrun Vigdal, Hermann Odd Stein og Lars Jørgen Kjærrik. Vara Mette Alme, Odd Atle Stegegjerdet. Jonny Gjerde kunne ikkje møte som vara fordi det var møte i plan- og forvaltningsutvalet samstundes.
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad*.
- Godkjenning av sakliste, *ingen merknad*.
- Jon Ove Lomheim og Mona Åsen vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde*.

RPF - 27/26 vedtak

Jon Ove Lomheim og Mona Åsen vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

28/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 12.05.2026

Handsaming

Det var følgjande merknad til protokoll frå sist møte:

Endring i protokoll frå 16. mars – sak 15/26, dette blir rådet sitt nye innspel til Detaljregulering for Salen i Gaupne.

Rådet har ikkje merknad til det framlagde forslaget til reguleringsplan. I planen ligg ei opprusting av den delen av vegen til Røselebakane som ligg innafor planområdet. Med tanke på trafikktryggleik er det viktig at denne delen av vegen vert opparbeidd saman med opparbeidinga av feltet.

Vidare vil rådet peika på at heile vegen vidare forbi kyrkja ned til krysset med Gardavegen også manglar fortau, noko som burde vore retta opp ved første høve.

Sekretær har sendt inn ny uttale 07.05.

RPF - 28/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 16.03.26. Merknad vert lagt som tillegg til protokoll og på aktuell sak.

29/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 12.05.2026

Handsaming

Open post:

Tannlege

Kun kommunal tannlege som har tilgang for rullestol. Kva med brukarane som ikkje har tilgang til å nytte kommunal tannlege lenger? Dei må reise til anna kommune for tannlege. Privat tannlege i Luster kommune har ikkje universelt utforma lokale.

Rådet vil oppmode Vestland fylkeskommune om at kommunal tannlege i Gaupne tek i mot pasientar med rullestol, sjølv om dei ikkje har rett på det. Brukarane vil sleppe å reise til Sogndal, betalar sjølvsgt for behandling. Sekretær sender oppmoding.

Rådet ynskjer og å oppmode privat tannlege i Gaupne om å tilrettelegge for rullestol. Sekretær sender oppmoding.

Busstilbod mellom Gaupne og Jostedal

Nyhende i Sogn Avis 12.05.26 - <https://www.sognavis.no/legg-ned-bussrute-til-jostedalen-trass-i-politisk-protest/s/5-115-1438587>

Uttale til ordførar og Vestland fylkeskommune/Skyss

Rådet er i dag blitt kjend med kutt i ruta mellom Gaupne og Jostedal. Ruta utgår frå juni 2026. Råda har ikkje ved tidlegare høve fått uttale seg til denne saka.

Rådet vil oppmode Vestland fylkeskommune/ Skyss om å behalde bussruta. Denne ruta er viktig for personar med funksjonsnedsetting og eldre. Rådet kritisera at ein ikkje har godt datagrunnlag, og ikkje kartlagt dette godt nok. Denne ruta er viktig for lokalbefolkninga. Alle som ikkje kan køyre bil av ein årsak treng denne ruta. Er det klimavennleg å leggje ned eit kollektivtilbod?

Det er ikkje berre turistar som nyttar denne ruta. Det bur folk i heile Luster kommune og me treng kollektiv transport til lokalbefolkninga.

Uttalen skal som ei orienteringssak til Eldrerådet.

Konferanse for kommunale råd og organisasjoner, arrangert av Kommunalt råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Bergen – 8. juni

Rådet vil gi attendemelding om det er mogleg å ha ei digital deltaking i 2027, då er det fleire som kan delta. Sekretær sender til FFO.

Fellesmøte for råda:

Leiar for rådet ynskjer for kontaktinformasjon til leiar og sekretær til råda:

Luster, Sogndal, Årdal, Lærdal, Aurland og Vik. Sekretær skaffer disse.

Neste møte:

Møterom, kan ein byte på kva råd som er på kva møterom etter fellesdel? Mykje dørtersklar i møteromma på rådhuset, samt smale dørøpningar til nokre møterom.

Rådet ynskjer å invitere tenestekontoret til å koma på møtet 9. juni. Rådet ynskjer å få orientering om handsaminga av støttetiltak for brukar/foreldre som har behov. Alternativ dato 14. september. Sekretær sender invitasjon.

RPF - 29/26 vedtak

Tannlege:

Rådet vil oppmode Vestland fylkeskommune om at kommunal tannlege i Gaupne tek i mot pasientar med rullestol, sjølv om dei ikkje har rett på det. Brukarane vil sleppe å reise til Sogndal, betalar sjølvsgt for behandling. Sekretær sender oppmoding.

Rådet ynskjer og å oppmode privat tannlege i Gaupne om å tilrettelegge for rullestol.

Sekretær sender oppmoding.

Busstilbod mellom Gaupne og Jostedal

Rådet er i dag blitt kjend med kutt i ruta mellom Gaupne og Jostedal. Ruta utgår frå juni 2026. Råda har ikkje ved tidlegare høve fått uttale seg til denne saka.

Rådet vil oppmode Vestland fylkeskommune/ Skyss om å behalde bussruta. Denne ruta er viktig for personar med funksjonsnedsetting og eldre. Rådet kritisera at ein ikkje har godt datagrunnlag, og ikkje kartlagt dette godt nok. Denne ruta er viktig for lokalbefolkninga. Alle som ikkje kan køyre bil av ein årsak treng denne ruta. Er det klimavennleg å leggje ned eit kollektivtilbod?

Det er ikkje berre turistar som nyttar denne ruta. Det bur folk i heile Luster kommune og me treng kollektiv transport til lokalbefolkninga.

Administrasjonen føl opp drøftingane kring konferanse, fellesmøte, kontaktinformasjon, neste møte.

30/26 Helse- og omsorg mot 2030. Val av alternativ og føringar for nytt bygg

Kommunedirektøren si tilråding:

Nytt helse – og omsorgssenter:

1. Nytt helse- og omsorgssenter vert planlagt og utvikla i tråd med mediumalternativet, slik dette er greidd ut i saka
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre anskaffing av totalentreprenør og utarbeide forprosjekt.

3. Det vert lagt til grunn ei total kostnadsramme på 765 mill. kr for prosjektet. Ramma vert innarbeidd i økonomiplanen, med atterhald om endeleg investeringsvedtak etter gjennomført forprosjekt.
4. For å redusere presset på kommuneøkonomien vert det henta 100 mill. kr frå kommunen sitt disposisjonsfond til finansiering av prosjektet.
5. Gjennom forprosjektet skal prosjektet utviklast innfor ei økonomisk ramme der Luster kommune sitt lånebehov for investeringa ikkje overstig 371 mill. kr.
6. Utarbeidd miljøprogram skal vere styrande for vidare planlegging, prosjektering og gjennomføring av prosjektet.
7. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om endeleg investeringsvedtak og kostnadsramme etter gjennomført forprosjekt.

Gaupne omsorgssenter:

8. Fornyng av Gaupne omsorgssenter vert planlagd og utvikla i tråd med mediumalternativet, slik dette er greidd ut i saka.
9. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om endeleg investeringsvedtak og kostnadsramme etter gjennomført forprosjekt.

Helsesenteret:

10. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om etterbruk av Helsesenteret. Vurderingstema kan vere: NAV/Tenestekontor/transformasjon til bustader.

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 12.05.2026

Handsaming

Rådet fekk informasjon frå administrasjonen i møte den 7.5.26.

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

RPF - 30/26 vedtak

Rådet for personar med funksjonsnedsetting er positiv til tilrådinga som ligg føre. Spesielt at demensomsorga blir lausriven i eige bygg og kjem på bakkeplan. Det er flott at bygg blir gjenbrukt.

Ein må jobba vidare med bygginga og organiseringa av demensomsorga. Det er viktig med tilrettelagde bygg, gjenbruk, organisasjonsfordelar og rådet ser fram til orientering om dette i vidare prosess.

31/26 Kommuneplanen sin arealdel - handsaming i råda

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 12.05.2026

Handsaming

Rådet fekk informasjon frå administrasjonen i møte den 7. mai 2026.

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

RPF - 31/26 vedtak

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne har slik uttale til kommuneplanen sin arealdel:

Hotla – Viktig med god tilkomst og handikap-parkering. Området i Hotla må bli tilrettelagd for personar med nedsett funksjonsevne. Området må vera universelt utforma.

32/26 Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 12.05.2026

Handsaming

Rådet fekk informasjon frå administrasjonen i møte den 7. mai 2026.

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

RPF - 32/26 vedtak

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne har slik uttale i områdeplan: Det må vera fysisk skilje mellom Movegen til gangfeltet til Spar, rekkverk eller liknande. Asfaltarealet må vera minimum 3 meter.

33/26 Årsmelding for rådet for personar med funksjonsnedsetting for 2025

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 12.05.2026

Handsaming

Framlagde utkast til årsmelding vart samrøystes godkjend.

RPF - 33/26 vedtak

Rådet for personar med funksjonsnedsetting godkjenner utkast til årsmelding for rådet for 2025.

34/26 Tilgjengepris for god universell utforming i kommunen 2026

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 12.05.2026

Handsaming

Rådet for personar med funksjonsnedsetting gjorde vedtak om kven som får tilgjengepris 2026.

Vedtaket vert offentleggjort ved overrekking i kommunestyret 21. mai 2026.

RPF - 34/26 vedtak

Vedtaket vert offentleggjort ved overrekking i kommunestyret 21. mai 2026.

35/26 Rådet for personar med funksjonsnedsetting - Status oppfølgjingssaker, møte 12.5.26

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 12.05.2026

Handsaming

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

RPF - 35/26 vedtak

Saka vert utsett til møtet den 9. juni 2026.